



Magne Huglen og Kristian O. Bringedal har i dag feira 1.mai på Cuba. Raul Castro innfelt.

Idag har uskedelingane Kristian Olav Bringedal og Magne Huglen hatt eit av sitt livs største opplevingar - dei har teke del i 1. maifeiringa i Havanna på Cuba saman med meir enn ein million kubanarar. For å bli med i prosesjonen måtte dei rykka ut allereie klokka 03 i natt og dei gjekk saman med lækjarar og anna helsepersonell. Det var fuktig og varmt ver.

Dei to uskedelingane gjekk fremst i gruppa til helsepersonale som dei hadde avtala med på førehand. Like bak dei gjekk lærarane. Som vi har nemnt starta dei dagen kl.3 om natta og dei gjekk til revolusjonsplassen. Dei var framme der kl. 5.30 og det var heilt mørkt fram til då, og tjukt i folk. Presis klokka 7 starta programmet.

Det vert meldt om ein folkeleg fest med korps, kor, dansarar og talar. Det var ikkje noko militært preg over det. Talane var ikkje lange slik dei kunne vera tidlegare, men korte helsingar. Både Internasjonale og nasjonalsongar høyrde sjølvstøtt med. Dei to uskedelingane fekk svært god plass tett opp til tribunen. Heile programmet var unnagjort på om lag 2 timar så dei nådde frukosten etterpå.

Eit ekstra høgdepunkt var at dei fekk sjå den noverande leiar Raul Castro på kloss hald, men broren Fidel som er svakhelsa, var ikkje å sjå. Raul, som tok over ansvaret i 2008, er no 83 år gamal.

Det er 2 fornøgde karar som melder heim frå Havanna. Hovudmålet med turen er nådd, seier dei.

Kristian og Magne reiser ut frå hovudstaden på Cuba imorgon etter eit svært interessant opphald som starta måndag. Magne hadde vore der tidlegare medan Kristian var Cuba-debutant.

Vi kjem tilbake med reisebrev frå turen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen/Thor Inge Døssland
Foto: Thor Inge Døssland